

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.
0030 Oslo

Molde, 26. november 2010

Høyrings svar om skattefrådrag for kostnader til forskning og utvikling (Skattefunn)

Vestlandsrådet har gjennom "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar " ei satsing innafør næringsutvikling basert på oppdrett av marin fisk og skaldyr med eit spesielt fokus på høvelege finansieringsløyser for "nye artar-bedrifter" på Vestlandet. SkatteFUNN er ei ordning som har vore god for desse bedriftene for å finansiere FoU-prosjekt og skaffe fram naudsynt og verdifull kunnskap i fleire ledd i verdikjeda. Mange marine bedrifter har nytta dette verkemiddelet.

Vestlandsrådet viser til høringsnotat frå Finansdepartementet 24. september 2010 angående endring i SkatteFUNN ordninga. Vestlandsrådet er bekymra for at resultatet av denne endringa er at det vert stilt så strenge krav til prosjekt som kan få støtte til FoU at ordninga ikkje på same måte som tidlegare kan nyttast av bedrifter i tidleg utviklingsfase.

I kapittel 3 står følgjande:

*“For at et prosjekt skal kvalifisere som FoU må det ta sikte på et framskritt i vitenskap eller teknologi gjennom reduksjon av vitenskapelig eller teknologisk usikkerhet. **Framskrittet som søkes oppnådd, må representere et framskritt for den generelle kunnskap og ferdigheter på området. Det er ikke tilstrekkelig med et framskritt bare i bedriftens egen kunnskapsstatus og ferdigheter.**”*


Dette kan tolkast slik at det er krav om ”internasjonal nyheitsgrad” på prosjekta som kan få støtte, noko som vi meiner vil gje ei mindre høveleg ordning for finansiering av FoU og gjere det særleg vanskeleg for desse små grunderbedriftene innan marin sektor å få løyst FoU-utfordringane sine.

Vestlandsrådet stiller seg elles bak høringsuttalinga gjeve av Fiskeri og havbruksnærings landsforening (FHL) 23. november 2010.

Med venleg helsing



Olav Bratland
Fylkesordførar



Roar Solbakken
Fiskerirådgivar

